



Norske Kvinnelige Akademikere, NKA
medlemmer av
International Federation of University Women, IFUW



**Til Barne- og likestillingsdepartementet
Postboks 8036 Dep
0030 Oslo**

Styret i **Norske kvinnelige Akademikere, NKA**, ved Grethe Nina Hestholm, førsteamanuensis Linda Sangolt og førstekonsulent Anne Asserson, Universitetet i Bergen, har behandla forslaget. Vi har følgjande innvending:

Kjønnslikestilling handlar ikkje berre om å kjempe fram like rettar, men om å vinne aksept og anerkjenning for det spesifikke kvinnelege. I denne prosessen må ein stille seg kritisk til dei innarbeidde strukturane, skapt av, og for menn. Kjønnsskildringa skiller seg derfor frå dei andre skildringssystema ved å representere ein normativ dimensjon, og rører ved sjølve det normative grunnlaget for å forstå skildring som sådan. Kjønn utgjer altså ein overordna kategori, og bør derfor ikkje handsamast sidestilt med andre skildringssystema som seksuell orientering, politisk syn, livssyn, alder, funksjonsnedsetting og etnisitet. I alle nemnde skildringssystema, vil kjønnsskildringa likevel utgjere den primære identiteten til individet.

Maktkulturane er tradisjonelt blitt representerte av menn, og menn har formulert kjønnsskjellen innanfor den rasjonaliteten som den maskuline kulturen har utvikla. Det feminine har blitt tatt opp og inkorporert i det som blir presentert som ein kjønnsnøytral kultur. Vi viser her til den belgisk-franske filosofen Luce Irigaray (1932 -) som hevdar at kulturen er *kjønnssindifferent* – den kjenner berre den maskuline tenkinga. Det heiter seg at lovene blir laga for alle menneske, men fordi det nøytrale er mannleg, blir kvinnes perspektiv usynleggjort. For eksempel blir kvinnes band til reproduksjonen i den maskuline kulturen ikkje forstått som verdiskaping, men som ei hindring for transcendens innanfor samfunnet, dvs. mannssamfunnet. Ein stadig aukande empiri stadfestar imidlertid at omsorgs- og oppsøkjingsarbeidet er føresetnaden for all menneskeleg helse og utvikling, og dermed

føresetnaden for all verdiskaping. Det er derfor avgjerande om, og korleis kulturen oppmuntrar samfunnsmedlemmene sine til å ta dette ansvaret. Ulike innsiktar om kva som er verdiskaping utgjer her ulike normative utgangspunkt for handling, og for å oppleve diskriminering.

Det særlege vernet som kvinner er gitt i Likestillingslova, formålsparagraf (§ 1) innrømmer til ein viss grad den maskuline maktfordelinga: *”Denne lov skal fremme likestilling mellom kjønnene og tar særleg sikte på å bedre kvinnens stilling”*. Vi finn ikkje dette vernet att i formålsparagrafen i det nye diskrimineringsforslaget, der det heiter at omgrepet likestilling tradisjonelt har *”blitt brukt i tilknytning til kjønn og kvinners stilling”*, men at utvalet meiner at omgrepet likestilling generelt *”skal forstås som likeverd, like muligheter og rettigheter”*, og at *”det bør være et mål å fremme likestilling uavhengig av biologiske, sosiale og kulturelle forhold”* (kapittel 9, s.101). NKA meiner at utvalet med denne generelle formuleringa ikkje er medviten eigen posisjon i forhold til den rådande dominansen i kulturen. Dessutan kjem det med denne målsettinga ikkje fram at likestilling i mange tilfelle betyr diskriminering. Kvinner og menn er inkommensurable – dei er vesensforskjellige og kan ikkje målast med felles mål. NKA meiner at sakleg diskriminering mellom kjønna derfor er nødvendig og ynskjeleg, men fryktar at lovas generelle målsetting underslår at den rådande kulturen framleis er kjønnsindifferent, og at kvinna på vesentlege områder berre kan etablere eit forhold til denne kulturen ved å ta plass i den maskuline økonomien.

NKA konkluderer med at likestillingslova ikkje bør forkastast til fordel for ein samla diskrimineringslov. Likestillingslova bør imidlertid styrkast og gjerast tydelegare.

Bergen, 31. desember 2009

Med hilsen

Anne Asserson
Leder NKA

Anne Asserson
Universitetet i Bergen
Anne.Asserson@fa.uib.no
Tlf.. 55584580